



Skjåk kommune
Plan, samfunn og miljø

John Teigum

2693 NORDBERG

Delegert vedtak
61/10

Vår ref
2009/1071/65/N08

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Per Dagsgard

Dato
13.07.2010

per.dagsgard@skjaak.kommune.no

Saka gjeld: Søknad om bruk av motor til båt på Leirungsvatnet - John Teigum, Ola Rikheim, Magne Frisvold og Syver Flatmo.

Saka gjeld: Bruk av motor på Leirungsvatnet.

Saksopplysning:

Det blir søkt om følgjande:

SØKNAD OM BRUK AV MOTOR PÅ BÅT.

Søker med dette om tillatelse til å bruke båtmotor på Leirungsvatnet i forbindelse med fiske. Søker for 5 år. Søknaden gjelder for alle som er medeier i naust. Dette gjelder:

*John Teigum, 2693 Nordberg
Ola Rikheim, 2690 Skjåk
Magne Frisvold, 2690 Skjåk
Syver Flatmo, 2690 Skjåk*

Med hilsen

John Teigum

Vurdering

Fiske er heimla i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark §3 pkt.3.2, bokstav a, b. Når det gjeld forholdet til motorferdsellova er det heimel for bruk av båtmotor på Leirungsvatnet i tråd med lokal forskrift, inntil ein storleik på 9,9 hestar.

Sidan Leirungsvatnet ligg i Reinheimen nasjonalpark må det i følge verneforskrifta for parken liggje føre ei vurdering med vedtak frå forvaltningsmyndet før båt med motor kan brukast.

I verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark heiter det mellom anna:

6. *Motorferdsel*

6.1. Forbod mot motorferdsel

Postadresse
2690 Skjåk
E-post: post@skjaak.kommune.no

Heimeside
www.skjaak.kommune.no

Telefon
61217000
Telefaks
61217001

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096

Motorferdsel på land og på vatn, og bruk av luftfartøy lågare enn 300 meter over bakken, er forbode.

6.2. Reglane i pkt. 6.1. er ikkje til hinder for:

6.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

f) Bruk av båt med motor på Ulvådalsvatnet og Leirungsvatnet i samband med fiske, materialtransport og organisert tilsyn av beitedyr.

Ut ifrå dei gjeldande reglar har forvaltningsmynde høve til å gje løyve til bruk av båt med motor i gjeldande tilfelle, jfr. forskrifta.

Leirungsvatnet er eit av dei beste fiskevatna i Skjåk kommune. Vatnet er over 2 km². og den lokale forskrifta for bruk av motorfartøy i Skjåk kommune heimlar bruk av motorbåt på vatnet. Leirungsvatnet ligg i eit høgfjellsområde som er sårbart. Langs delar av vatnet er det store våtmarksområde med etter tilhøva rikt fugleliv, spesielt våtmarksfugl. Ved fiske med garn er det derfor viktig å følgje med i om fugl blir skadelidande.

Det er ikkje avdekt at båtmotor spesifikt har ført til problem som kan føre til irreversibel skade. Brukt av båtmotor foregår i liten skala på dette vatnet, men det er tradisjon for bruk av båtmotor frå lenge før vernet trådte i kraft i 2006. Både fylkesmannen og direktoratet for naturforvaltning støtta derfor forslaget om bruk av båtmotor til bl.a. fiske i kongeleg resolusjon dagsett 24.november 2006.

Bakgrunnen for bruk av motor er at vatnet er stort, at det er vanskeleg å manøvrere båtar i den sterke vinden som kan oppstå på vatnet og at det er praktisk å bruk under fiske. Alternativ er å ro. Dette vil kunne avgrense fiske. Det er ikkje kjent andre måtar å løyse transport på vatnet på.

Konklusjon

Med bakgrunn i ei samla vurdering meiner forvaltningsmyndet at søknaden kan etterkomast.

Sidan dette er eit tiltak som er årleg er ein komen til at søknaden kan gjelde for fleire år.

Dette etter ønskje framsett i søknad.

Vedtak:

Skjåk kommune vedtek å gje John Teigum, Ola Rikheim, Magne Frisvold og Syver Flatmo, løyve til å nytte båt med motor på Leirungsvatnet i Reinheimen nasjonalpark. Løyvet gjeld i samband med fiske .

Løyvet blir gjeve med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark dagsett 24.november 2006, § 3, punkt 6.3, bokstav f).

Vilkår:

1. Løyvet gjeld for 5 år frå og med 2010.
2. Løyvet gjeld i garnfiskesesongen kvart år.
3. Dersom det skulle kome fuglar i fiskegarn skal forvaltningsmyndet ha beskjed.

Klage

*Vedtaket kan påklages til **Direktoratet for naturforvaltning**. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp.*

Klagen skal sendast skriftlig til den som har gjort vedtaket, oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringer som er ynnsk, og dei grunner du vil gje for klagen. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, vert du beden om å oppgje når denne melding kjem fram.

Med helsing

Per Dagsgard

Kopi til:

Ottadalen villreinutval v/Knut Granum	2690	SKJÅK
Møre og Romsdal fylke	6404	MOLDE
Statens naturoppsyn	2686	LOM
Fylkesmannen i Oppland	Serviceboks 2626	LILLEHAMMER
Direktoratet for naturforvaltning	7485	TRONDHEIM
Kontaktutvalet for Reinheimen	2665	LESJA